

**Notat**Dato: 23.04.2017  
Arkivsak: 2016/8505-4  
Saksbehandlar: hanglop1

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Medlemsskap i DC Norway SA****1. Bakgrunn**

I Stortingsmeldinga om [digital agenda for Norge](#) (Meld. St. 27 (2015-2016)) vart det varsla ei satsing for å leggja til rette for samfunnsøkonomisk lønsam etablering av fiberkablar til utlandet for å styrke grunnlaget for store datasentre og annan databasert næringsverksemd i Norge. Som ei oppfølging har Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) på vegne av Samferdselsdepartementet kartlagt marknaden for mørk fiber og grønne datasentre. Innhaldet i rapporten, sett frå Vestlandet, er kort summert:

*Det er mørk fiber tilgjengelig mellom de fleste regionsentra og landsdeler i Norge, unntatt Bergensområdet og Vestlandet, hvor det er begrenset med sammenhengende tilgjengelig mørk fiber. Mellom Bergen og Østlandet over fjellet er det ikke mørk fiber tilgjengelig.*

Datasentre er ei ny næring som er i sterk vekst på verdsbasis. Både offentlege og private verksemdar har aukande behov for meir fiber og uavhengige føringsvegar til kontinentet, for å leggja til rette for etablering i Norge. Trass i mangelfull infrastruktur har Vestlandet eit godt utgangspunkt for etablering og drift av grønne datasentre. Ein av grunnane til dette er at denne bransjen er svært kraftkrevjande, og vår region har rik tilgang på grøn og fornybar kraft. Som følgje av dette vedtok fylkesutvalet i «PS 223/2016 Strategi for utbygging av fiberkablar og grønne datasentre» samrøystes at:

*Hordaland fylkeskommune ynskjer å stimulere til utvikling av datalagringsentre og eit betre fiberstamnett i Hordaland. God fiberinfrastruktur mot utlandet og eit godt stamnett er viktig for etablering av databasert næringsliv. Denne bransjen er i tillegg svært kraftkrevjande og representerer ein stor og viktig marknad for energiselskapa i fylket vårt. Fylkesrådmannen foreslår at Hordaland fylkeskommune set av inntil 2,0 mill. kroner til ei søknadsbasert tilskotsordning, finansiert med restmidlar frå tidlegare breibandsatsingar, for å utreda muligheter og flaskehalsar på dette området. Ordninga skal ha som formål å*

- 1. Definera og skissera løysningar for etablering av fiberkablar mellom Vestlandet og utlandet*
- 2. Skapa dialog og fokus om vidareutvikling av fiberstamnettet i Hordaland og på Vestlandet*
- 3. Definera og utvikla kommunar som er eigna for etablering av kraftkrevjande datasenter*

I etterkant av vedtaket er Hordaland fylkeskommune invitert med i eit partnerskap av private og offentlege verksemdar som skal samarbeida om å utvikla norske sky- og datasentertjenester. Samarbeidet, som går under namnet DC Norway SA, vart formelt etablert 20.04.2017. Målet med samarbeidet er å bli kvalifisert som eit klyngeprosjekt i Arena-programmet til Innovasjon Norge, SIVA og Forskningsrådet. Lukkast dette vil medlemsbedriftene i klynga få tilgang til inntil tre millionar kroner i finansiell og fagleg støtte til langsiktig utvikling av regionale næringsmiljø.

## 2. DC Norway SA

DC Norway SA er etablert for å få eit sterkt nasjonalt miljø for utvikling, kommersialisering og eksport av norske sky – og datasentertjenester. Partnerskapen skal:

- bidra til at Norge blir eit attraktivt land for lagring og prosessering av data
- bidra til at datalagring og tenester kan bli ein del av norsk eksportnæring og bistandstilbod
- etablere eit fellesskap med sentrale aktørar i næringa, Innovasjon Norge og IKT-Norge
- bidra til naudsynt omstilling og effektivisering av offentlig sektor
- bidra til digital utnytting av Norge sitt grønne kraftoverskot

Dersom samarbeidet lukkast med søknaden om å bli ei klynge med Arena-status, er det eit mål at Norge innan fem år skal vera attraktivt for alle aktørar som skal etablere datasenter i Europa. Det skal skapast nye arbeidsplassar basert på kortreist, grøn og fornybar kraft her i landet, og det skal etablerast eit samarbeid mellom næringsliv, forskning og det offentlege med mål om at Norge skal levere konkurransedyktige datasenter-tjenester, nasjonalt og internasjonalt

## 3. Arena-programmet

Programmet Norwegian Innovation Clusters er eigd og vert drive i fellesskap av Innovasjon Norge, SIVA og Forskningsrådet. Den 30.03.2017 opna programmet for å koma med forslag til nye klyngeprosjekt innanfor Arena og NCE. DC Norway SA skal prøva å kvalifisera seg for Arena-nivået for å tilgang til finansiell og fagleg støtte til langsiktig utvikling av regionale næringsmiljø. Formålet er å stimulere til auka innovasjon og styrka konkurransevne basert på samarbeid mellom bedrifter, FoU- og utdanningsmiljø og offentlege utviklingsaktørar.

Innsending av prosjektskisse er obligatorisk for å kunne senda inn komplett prosjektsøknad. Frist for innsending av prosjektskisser er 15.05.2017. Mottatte skisser skal vurderast av programleiinga og det vert gjeve ei rådgivande tilbakemelding om DC Norway SA bør gå vidare i søkeprosessen. Frist for innsending av prosjektsøknader er 01.09.2017. Arena er opent for klyngeprosjekt i alle næringar og regionar. Kvart år vert det tatt inn nye klyngeprosjekt basert på opne kunngjeringar. Prosjektperioden er 3 år, som i særskilte tilfelle kan forlengjast til 5 år.

## 4. Økonomiske og organisatoriske konsekvensar

Eit interimsstyret i DC-NORWAY har forfatta vedtektene for selskapet i tråd med diskusjonane på dei innleiande medlemsmøta. Der er det er vedtatt at DC-NORWAY skal etablerast som eit samvirkeføretak (SA) med formål å fremja medlemsbedriftene sine næringsinteresser. Kostnaden for å vera med i samarbeidet er eit partsinnskott på 10.000 kroner. Summen er å sjå på som eit medlemsinnskott i prosessen fram til svaret på Arena-søknaden er klart seinhaustes 2017, og beløpet vert ikkje tilbakebetalt dersom Hordaland fylkeskommune vel å trekkja seg ut frå samarbeidet.

Etter planen skal Arena-samarbeidet starta våren 2018, dersom søknaden kjem igjennom nålauga (9 av 10 søknader får avslag). Dersom Hordaland fylkeskommune vert partner i klyngesamarbeidet vil årlege utgifter til medlemskontingent verta maksimalt 30.000 kroner. Støtteperioden er 3-5 år, og klyngesamarbeidet opnar for tilgang til inntil tre millionar kroner til utvikling av regionale næringsmiljø.

Når det gjeld dei organisatoriske konsekvensane av å vera parteigar i eit samvirkefortak

- Det er ikkje krav om å bidra med aksjekapital
- Det er ikkje rekneskapsplikt med driftsinntekter under to mill. kroner, men det er bokføringsplikt.
- Der er ikkje revisjonsplikt med driftsinntekter er under fem mill. kroner.
- Ansvar overfor kreditorar er avgrensa til partsinnskottet på 10.000 kroner

## 5. Oppsummering

Fylkesrådmannen meiner det er viktig, jfr. tidlegare sak til fylkesutvalet om fiberkablur og datasentre at Hordaland fylkeskommune er med i dette partnerskapen i denne tidleg fase. Når dette blir kommersielt interessant, kan fylkeskommunen eventuelt trekkja seg ut etter å ha ivaretatt rolla som samfunnsutviklar på ein god måte.